



MØTEPROTOKOLL

Organ	Hovudutval for næring og kultur
Møtestad	Aleksandra Hotell, Loen
Møtedato	24.10.2017
Kl.	09:30 – 11:55

Faste medlemer til stades:

Karen Marie Hjelmeseter, Sp, leiar
Jakob Andre Sandal, SV, nestleiar
Erlend Haugen Herstad, Sp
Torbjørn Vereide, Ap
Anne Lilleaasen, H
Marita Aarvik, Frp
Jon Olav Kvamme, KrF

Forfall til møtet:

Hilmar Høi, Ap
Aleksander Øren Heen, Sp, (vara møtte ikkje pga seint meldt forfall)

Varamedlemer til stades:

Arve Mjømen, H

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Jan Heggheim
Ass. fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad

Sekretariat for møtet:

Helga Bjørkhaug

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Karen Marie Hjelmeseter og Anne Lilleaasen vart valde til å godkjenne møteprotokollen.

Orienteringar i fellesmøte mellom Næringsforum og Hovudutval for næring og kultur:

- Kvar står vi i arbeidet med «Regional plan for verdiskaping» ved fylkesdirektør Jan Heggheim
- Politiske problemstillingar frå vår sektor ved medlemer i Næringsforum:
Nils P Støyva, LO
Tom Knudsen, NHO
Björg Kristin Selvik, Høgskulen Vestlandet
Vidar Ulriksen, Fiskeridirektoratet
Halvor Flatland, Innovasjon Norge
Frode Henden, NAV
Christian rekkedal, Fylkesmannen
- Fornybar energi: Forum for grøn energi, utjamning av nettleiga ved rådgjevar Audun Erik Sunde.

Møteprotokoll Hovudutval for næring og kultur 24.10.2017

- Verdiskapingsplanen, hovudmål 2, Sjømatnæringar: Prosjekt undervisningskonsesjon 2015 og Arealbruk – nasjonale laksefjordar ved rådgjevar Lena Søderholm.

Orienteringar i hovudutvalsmøtet:

- Lokale kulturminneplanar ved ass. fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad

Fylkesdirektøren orienterer:

- Finansiering av Nærøyfjorden Verdsarvpark, kjem som sak på neste møte
- Hyllestad kommune – inndraging av spelemidlar etter nedlegging av symjehall
- Innspel til møteplan 2018 – sak i neste møte

Hovudutvalet deltok på Norsk Bygdesagforening sin konferanse «Bruk av tre i moderne bygg».

**SAK 54/17 Skriv og meldingar - hovudutval for næring og kultur
24.10.2017**

Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:

1. Saneringsplan for uttak av villreinbestanden i Nordfjella sone 1 - fråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.
2. Den kulturelle spaserstokken 2018 (DKSS) - Søknader
3. Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg 2017 - løyving 2017.
4. Fyllmateriale i kunstgrasbaner
 - 4a. Tilstandsrapport kunstgrasbaner
 - 4b. Brev frå fylkeskommunane
5. VR-sak 20/17: Ny stortingsmelding om kultur/kulturmeldinga (2019). Prosess for felles innspel frå Vestlandsrådet

**SAK 55/17 Høyringsbrev om endring av forskrift av 22. desember
2004 om akvakultur for andre artar enn laks, aure og
regnbogaure - akvakultur av vannlevande
planter/mikroalger**

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune stør forslaget om at generelle reglar for akvakultur i dagens akvakulturregelverk, jf. forskrift av 22. desember 2004 nr. 1799 om løyve til akvakultur av andre artar enn laks, aure og regnbogaure, også vert gjeldande for akvakultur med vasslevande plantar.
2. Fylkeskommunen sluttar seg til forslaget om at kompetansen til å handsame søknader om akvakulturløyve med vasslevande plantar vert delegert til fylkeskommunane. Dette inneber at fylkeskommunane vert koordinerande styresmakt, som for andre akvakultursøknader.
3. Fylkeskommunen er samd i forslaget om at det vert etablert ei ordning med depositum for etablering av akvakulturverksemd med vasslevande plantar på lik linje som den som er fastsett for blåskjellanlegg. Det er viktig at ein her finn ein balanse mellom kostnad for opprydding og det å påføre bedrifter i oppstartsfasen for stor finansiell belastning, og at beløpet ikkje vert høgare enn det som i dag er gjeldane for blåskjelnæringa.

**SAK 56/17 Statsbudsjettet 2017 kap. 1429 post 71 Freda
kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap
Fordeling av tilskot.**

VEDTAK:

1. Det løyvde førehandstilsagnet frå Statsbudsjettet 2018 kap. 1429 post 71 vert fordelt til fylgjande prosjekt:

a. Wittgensteinhuset, Luster kommune	kr. 1 000 000
b. Hotell Mundal, Sogndal kommune	kr. 1 000 000
c. Bispestova, Høyanger kommune	kr. 100 000
d. Ormelid, Luster kommune	kr. 600 000
e. Restaureringsleiar	kr. 300 000
Sum fordelte tilskot	kr. 3 000 000

2. Det løyvde tilskotet frå Statsbudsjettet 2017 kap. 1429 post 71 som ikkje vart fordelt i HNK-sak 12/17 vert fordelt til fylgjande prosjekt:

a. Hotell Mundal, Sogndal kommune	kr. 285 000
-----------------------------------	-------------

3. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for utbetaling av midlane i tråd med retningsliner frå Riksantikvaren.

SAK 57/17 Fylkeskulturprisen 2017 - oppnemning av innstillingsnemnd

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for næring og kultur vel desse medlemmane til innstillingsnemnda for fylkeskulturprisen:

.....
.....
.....

Vara:.....

2. Nemnda er valt for 2017 og 2018.
3. Nemnda legg fram grunngjevne forslag til hovudutvalet sitt møte i november 2017 og 2018.

Endringsframlegg:

Karen Marie Hjelmseter gjorde framlegg om attval av medlemmene til innstillingsnemnda.

Avrøysting:

Samrøystes vedtak.

Dette gir følgjande vedtak **VEDTAK:**

1. Hovudutval for næring og kultur vel desse medlemmane til innstillingsnemnda for fylkeskulturprisen:

Torbjørn Vereide, Ap
Anne Lilleaasen, H
Erlend Haugen Herstad, Sp
Vara: Jakob Andre Sandal, SV

2. Nemnda er valt for 2017 og 2018.
3. Nemnda legg fram grunngjevne forslag til hovudutvalet sitt møte i november 2017 og 2018.
